

Ulvik Cittaslow



Referat møte Cittaslowrådet 4.11.2025 kl 19.00 – 21.00

Møterom Finse, Sentrumsbygget

Desse møte:

Frå Ulvik herad: Mona H. Hellesnes

Frå kultur: Haugesenteret – Jorid Lekve Eide (rådsleiar)

Frå Ulvik næringslag – Sevre Vestrheim

Hardanger produksjonsskule – Håkon Gjerde

Frå Ulvik barnehage – Sonja Haugland

Frå Brakanes skule – Anne Hjelmevoll

Frå Ulvik heradsstyre – Linn L. Skeie og Sunniva M Sæterdal (vara for Magrete G Øydvin)

Frå Ulvik og Eidfjord bondelag – Einar Langballe

Ingrid Prestegard møte som observatør

Forfall:

Ordfører Jens Olav Holven og kommunedirektør Thore Hopperstad som observatørar.

Ulvik Ungdomsråd, Slowfood Hardanger, Ulvik idrettsråd og Ulvik bygdekvinnelag.

Saksliste

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.

Innkallinga og saklista vart godkjent.

2. Referat frå førre møte, 2. september

Referatet vart godkjent.

3. Evaluering av haustferieprogram

Første helga i haustferien vart amputert, med avlysing av Oktobertorg-helga, som skulle gjennomførast 3. – 5. oktober.

Påmeldinga til torget var god, og det vart gjennomført arrangement fredag kveld og laurdag som planlagd på Yppal og Brakanes hotel.

Grunna uveret Amy førte til kraftig vind og regn, og stengde vegar inn til Ulvik laurdag

morgon. KKL (kommunal kriseleiing) vart sett 08.15 laurdag morgon, og avgjorde at

Oktobertorget diverre måtte avlysast. Då valde Lions å avlyse loppemarknaden begge dagar.

Resten av programmet gjekk som planlagd, med varierende deltaking. Matkulturfestival og dans i Eidfjord var godt besøkt.

Film/fototeam vart og redusert med filming frå Ulvik. Dette vert tatt opp igjen til våren.

Etterspurnad etter ope Haugesenter laurdag. Vil vurderer opningstid neste år.

4. Adventshelg 29.november – 1. desember, planlegging og førebuing

I møtet 2. september fekk Ingrid, Jorid og Mona, i samarbeid med næringslaget og ungdomsarbeidar, fullmakt til å utarbeide framlegg til program for adventshelg, basert på programmet dei to siste åra. Ingrid presenterte utkast til program.

Rådet kjøpte for to år sidan inn nye ljøs både til handlegata og til vinterljøs langs promenaden og ved Sentrumsbygget. Det er tinga fleire ljøs til trea langs vegen på sørsida av

Sentrumsbygget. Vinterljøs skal på plass ein veke før adventshelga. Ljøs i handlegata og jolegrana blir tent laurdag 29. november.

Programmet for adventshelga vart godkjent. Ingrid la fram ein oversikt over fordeling av oppgåver som involverer fleire i rådet. Denne vert sendt ut.

5. Endringar i samansetnad og gjennomføring av val av rådsmedlemmar, oppnemning av arbeidsgruppe.

Jorid og Mona førebur ein større sak til møtet i slutten av januar der og arbeidsplan og vurderingar på kva vi skal prioritere i arbeidet framover.

Det er ønskjeleg at kommunedirektør og ordførar møter i rådsmøta oftare enn dei gjer no. Det er viktig med forankring i leiinga i heradet. Mona tar dette opp internt. Det er og ønskjeleg med kjennskap til dei nordiske Cittaslow-stadane, og kva dei jobbar med no

6. Møteplan

Etter ein runde rundt bordet vart det konkludert med at tidspunkt og tal møte som i år er det som passar best, men ein må starta tidlegare med planlegginga av arrangementa, og ha eigne arbeidsgrupper for dette.

7. Nytt frå heradet

Nærings- og reiselivssjef informerte om følgjande:

- Saka om ny barnehage engasjerar mange, og er ei stor sak i samband med budsjett og økonomiplan som skal handsamast i formannskap og heradsstyre i desember.
- Det er under etablering ei stifting som skal overta og vidareføra arbeidet med Skeiemylna. Det vert lagt fram sak til politisk handsaming i kommande heradsstyre.
- Hardanger energi og Tysso kraft er i dialog med heradet om overskotsmassar i samband med ny kraftstasjon i Tysso. Her er oppbygging av Skeietomta (Pallefabrikken) eit viktig tiltak, men og andre forslag som molo/gangbru mellom Syselandet og Snauholmen, og vidare til Holmen spelt inn.
- Sparebankstiftinga Hardanger har gitt kr 100.000 i støtte til å utvikla ein kulturvandring i Ulvik sentrum. Skal vere klar til 1. mai 2026
- Heradet har, i samarbeid med kyrkja, sendt søknad om støtte frå Riksantikvaren til eit formidlingsopplegg om kyrkja som kulturminne. Forventar svar i mars 2026, og utviklingsprosjektet vil gå over 2 år.
- Det vart gjennomført ope møte om framtida til Betel. Bygget er i særers dårleg tilstand, og heradet ønskjer å rive det. Vestland indremisjon ønskjer ikkje å ta ansvar for bygget, og lokalt indremisjonslag har ikkje vore aktivt på fleire tiår. Heradet har sett frist ut året for eventuell overtaking av bygget. Om ikkje vil det bli rive på nyåret.
- Ulvik hotel vil bli lagt ut på tvangssal om ikkje lenge. Eigarselskapet er konkurs og bustyrar har ansvar for sal av bygget.
- Osa vanneksport og Isbre as er under konkurshandsaming. Heradet har dialog med bustyrar og NVE om både eigedom, infrastruktur og konsesjon.
- I heradsstyremøte i oktober vart det vedtatt å starte opp prosjekt for å greie ut etablering og drift av frivilligsentral med utstyrsutlån/Bua. Prosjektet skal avsluttast innan søknadsfristen for oppretting av frivilligsentral 1. juni 2026. Tidlegast oppstart for ny frivilligsentral i Ulvik vil vere januar 2027.
- HVK studiesenter har ei rekkje gode korte utdanningstilbod som alle gjev studiepoeng. Her er det mykje aktuelt for mange ulike bransjar. Det er og tilbod om bruk av Studentstove med alt naudsynt utstyr for dei som ønskjer det.
- Det er sett ned ei politisk arbeidsgruppe som skal jobbe vidare med utvikling av sentrum, no når reguleringsplanen er vedtatt.
- Det er sett ned ei politisk arbeidsgruppe som skal jobbe med rullering av tiltaksdelen i SNU-planen. Faktadelen blir oppdatert, men ikkje endra då vi har ein ny kommuneplan (samfunnsdelen).
- Det vert ope innbyggarmøte om ny reiselivsstrategi for Hardanger onsdag 12. november. Då det er same kveld som foreldremøte for bh og skule, vil Mona prøve å få flytta møtet til onsdag 19. november.

8. Open post

- Sonja frå barnehagen informerte om at det no er 44 born i barnehagen. Det kan vere krevjande med nok tilsette i periodar. Har gjennomført brannvernveke, har fått eit lam frå Syse, sjøauresafari, og mange andre aktivitetar. Haust og overgang til vinter er tema dei jobbar med no. Ungane er veldig engasjerte på gardsbesøk.
- Anne frå skulen informerte om Halloweenarrangement for 5. til 8. klasse, med god deltaking. Skulejoggen vart gjennomført og samla inn 14.000 kr i spleis. Od-dag for ungdomskulen er gjennomført. Det skal vere foreldremøte for alle i barnehage og skule onsdag i neste veke, der barnevakta som skal snakka om digital kvardag.
- Idrettslaget gav kr 100 pr runde , totalt 1100, sal av kaffi og kake,
- Haugesenteret jobbar med organisasjon og budsjett, og det blir nokre endringar i organiseringa i Nynorsk kultursentrum. Haugesalen nærmar seg fullføring, tilsett ny person som flytter til bygda med familie. Planlegg opning av salen før jol, men dato er ikkje sett enno.

9. Møteplan for 2026

Framlegg til møteplan for 2026 blir lagt fram i første møte, etter om lag same mal som i år. Mona avklarar med Thore slik at Ulvik Lions sine møte ikkje er samstundes.

Referent:

Mona H Hellesnes, sekretær Cittaslowrådet